



Yachten DAYDREAM ligg i Uskedalen i kveld

I kveld i 21 tida kom den 42 meter lange yachten DAYDREAM og la seg til på Beinavikjo. Det vart sett lettboat på sjøen og etter kvart vart båten forflytta til Stølavikjo. DAYDREAM går med Jamacia flagg og er bygd i 1991.

Kystvaktskipet KV TOR er komen til Uskedalen. Det same er eit større seglfarty. Uskedalem.no kjenner ikkje til kvifor desse skipa har ankra opp i Uskedalen. Festidalen kan vera ei medverkande årsak.

Med aktivtetar og folkeliv i sentrum vil det vera fint å syna bygda fram for tilreisande gjester. Vi oppmodar alle fastbuande om å ta del i Festidalen sitt program i morgon. Det heile startar med Festivalfrukost kl. 10, Festitaren kl. 11 og så Lambasleppet kl. 12.30. Vidare er det Føredragskro og Festidagen show før VAMP opnar dag 2 på Dønhaug kl. 16.

Oppdatering: DAYDREAM gjekk frå Uskedalen kl. 23.15 med destinasjon Rosendal.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal
Foto: Magnar Lyngstad/ Maritim Traffic